

## Hosanger Dampbåtbryggja Bygnings- og kaisoge

LM 19.02.2021

Ved utskiftinga i 1891 var det 8 bygningar i området der Hosanger dampbåtbryggja seinare vart bygd.

Lengst sør var Maskinhuset, som no er kafe, eller i alle høve var grunnen til Maskinhust skote ut og utfylt. (Eigar 2021: Magnus Mjøs).

Oppe i bakken (der det no er eit dobygg) låg kisteverkstaden til bnr 6. Denne vart seinare flytta til nordom kaien der kisteverkstaden framleis står. (Eigar 2021 Inge Svenheim).

Nordom Maskinhuset var kisteverkstaden til bnr 7 som vart til Treskoverkstaden i 1924. Bygget står framleis. (Eigar 2021 Anne Christine Kjøs).

Nordom Treskoverkstaden låg kisteverkstaden til bnr 5, eit påbygd naust som Jon Larsen Børneset Holme hadde kjøpt og bygt ut og som svigersonen hadde teke over. Bygget står framleis. (Eigar 2021: Magnus Mjøs).

Neste bygg nordover var naustet til bnr 7 som framleis eksisterer. (Eigar 2021 Anne Christine Kjøs).

Vidare nordover var naustet til bnr 8 som framleis eksisterer. (Eigar 2021 Håkon Mjøs).

Før utskiftinga hørde grunnen der dei 2 neste nausta låg til bnr 8. I 1876 fekk Rasmus Nilsen Øfsthus og hustru grunnseddel/ leigekontrakt på nausttomt. Me veit ikkje kor lenge dette leigeforholdet varte, men naustet er nemnt i utskiftingspapira frå 1891, men må ha vore fjerna før steinbryggja vart teken i bruk ca 1903; her var tilkomsten til steinbryggja frå bygdevegen. I 1877 fekk Ole Gudmundsen Øfsthus og hustru grunnseddel/ leigekontrakt på nausttomt nord for Rasmus Nilsen Øfsthus. Dette leigeforholdet varte til 1932 da bryggeselskapet kjøpte sjølve naustet og også grunnen der naustet sto. I samband med utskiftinga i 1891 fekk alle behalde sine naustgrunnar, så desse 2 naustgrunnane vart verande i bnr 8 si eiga etter utskiftinga.

Nordom Ole G Øfthus sitt naust var det ved utskiftinga i 1891 ikkje fleire bygningar.

Rett ovom det som var naustet til Ole G Øfthus, ligg smia på bnr 6. Denne er ikkje teikna inn på utskiftingskartet frå 1885. (Eigar 2021 Inge Svenheim).

På bnr 6 vart det seinare bygt naust og då Knut Hansen Lillejord og kona Maria i 1901 fekk frådelt tomt til det som vart både bustadhus, telegraf, postopneri og butikk, fekk han og hustrua naustet på eigande grunn med i kjøpet på det som vart bnr 11. (Eigar 2021 Veslemøy Gullachsen).

Nordom dette naustet ligg no kisteverkstaden tilhøyrande bnr 6.

Ved nedkøyinga til bryggja frå bygdevegen (på venstre side) vart det i 1907 bygd landhandel med bakeri, bnr 14. Denne eigedommen var frådelt bnr 7. (Eigar 2021 Jostein Loftås).

I 1931 opna dåverande eigar av bnr 7 Mjøs landhandel rett sørom landhandelen på bnr 14. (Eigar 2021 Anne Christine Kjøs).

Den 5.2.1901 vart det halde ei skylddelingsforretning over bnr 8 «i anledning en samme frasolgt nøstgrund, der af et interessentselskab, bestående af Lars A. Mjøs, Nils Askildsen d.y. Mjøs m.fl. var indgott med formaal at opføre en dampskipsbrygge.» Skylddelingsforretninga vart tinglyst (bnr 12), men det vart ikkje tinglyst noko skøyte.

I samsvar med skylddelinga vart det der Rasmus Nilsen Øfsthus hadde hatt naust, bygd damskipsbrygge i stein. Breidda må ha vore omlag 3 m. På ydste delen vart det laga ein rettinkel nordover 5 m utanfor/ vest for lunnane framom Ole G Øfsthus sitt naust. Dermed vart bryggjefronten ca 5,5 m lengre enn utan denne vinkelen, til saman kanskje 8,5 m.

I 1903 bygde bryggjeselskapet eit vareskur på sørsida av tilkomstvegen.

I åra 1903-15 betalte bryggjeselskapet grunnleige til eigaren av bnr 8.

Elias E Mjøs fekk i 1924 skøyte på bnr 8. Han førte m.a. opp eit reidskapshus på bnr 12. Det vart usemje mellom Elias og bryggjeselskapet om fleire ulike tilhøve. Begge partar engasjerte sakførar og ein vart ikkje samde før saka vart ført for retten og det vart inngått eit rettsforlik 13.6.1932:

«Elias Eriksen Mjøs selger herved til Hosanger Dampskipsbrygge den nøsttomt med tilhørende båttopptrekk hvorpå Ole Gudmundsen Øvsthus d.e.'s nøst nu står for en kjøpesum av kr. 500,00 – fem hundre kroner - ....»

Skyldskifteforretning vart halde og skøyte utstedt. Stykket fekk bnr 28.

«Elias Eriksen Mjøs utsteder til Hosanger Dampskipsbrygge for en kjøpesum av 150,00 kr ....heftelsesfritt skjøte på gr.nr. 20, br.nr. 12 Mjøs av skyld 1 øre.»

«Elias Eriksen Mjøs inngår samtidig på å fjerne det av ham opførte skur på brnr 12 innen 3 – tre – måneder fra saken er hevet, ....»

Også ein del andre tilhøve vart avgjort i forliket.

Med dette vart bryggjeselskapet eigar av grunnen der bryggja stod. Og ein kunne utvide bryggja ved å fylle i området framom naustet etter Ole G Øvsthus og heve nivået der naustet hadde stått. Bryggjeselskapet kjøpte sjølve naustet og selde dette vidare.

Bøndene ville byggja meieri i Mjøsdalen og den mest naturlege plassen var på dampbåtbryggja. I 1927 tok ein til med å byggje eit meieribbygg på bryggja, altså før bryggjeselskapet hadde fått skøyte på grunnen. Mjelkeleveransane tok til i 1928. Meieriet ynskte seg også plass til eit ishús slik at det vart enklare å hente is som var lagra frå vinteren. Det vart ein del diskusjon. Enden på visa

vart, etter at bryggjeselskapet var blitt eigar av bnr 12, at meieriet i 1933 fekk kjøpe både grunnen der meieribygget stod og heilt opp til austgrensa for bnr 12, ei lengd på heile 20 m. Dette vart bnr 29.

I plassen for ishus vart ny teknologi teken i bruk, før meieriet var 10 år. Is vart produsert i ein ismaskin. Så ovom meieriet vart det framleis plass til bryggjeselskapet sitt vareskur og seinare også vareskur for Handelslaget. Etter avviklinga av Handelslaget i 1978 kjøpte Audun Hellevang vareskuret. Han har nytta det til naust og han har betalt årleg leige til bryggjeselskapet (etter at eigedomen gjekk tilbake til bryggjeselskapet). Dette vareskuret/ naustet står framleis.

Meieridrifta vart avvikla i 1963, på slutten av 1970-talet vart meierihuset rive og i 1993 nytta bryggjeselskapet sin forkjøpsrett til å kjøpe eigedomen, bnr 29, tilbake. Grunnane til meieriet med kjølekummen for mjelka, er framleis å sjå.

I 1935 vart ein huk på sjøsida av meieriet murt opp og fylt i.

Med eit meieri som beslagla store delar av bryggja, vart det naturleg nok diskutert ei utviding. Bryggjeselskapet fekk til ein avtale om å kunne utvide bryggja framom naustet til Maria Lillejord (på bnr 11) mot at selskapet heva naustet opp til nivå med bryggja og mot at eigaren fritt skulle kunne ta inn og ut varer. For å få til dette, vart det nyteikning av aksjar a kr 25,-. Utvidinga vart gjennomført, men bryggjeselskapet «gløymde» å tinglyse avtalen. Kaifronten vart med dette lengre og samstundes utvida noko mot vest ut i vågen. Bryggjeselskapet måtte leige inn dykkar for å få murt opp skikkeleg denne utvidinga.

I 1984 brann landhandelen på sørsida av nedkøyringa til bryggja. Restane etter bygget vart køyrt vekk, men ein brannmur står att.

I 1976 vart vegen frå Bysheim til Lonevåg opna og same året var det slutt med rutebåt i Hosanger.

Kjelder:

Panteregister

Pantebøker

Grunnbøker

Utskiftingskart og dokument

2 stk protokollar for Hosanger dampbåtbryggje frå og med 1901

Ein våg me veit um. Arbeidsliv ved Mjøsvågen. Geir Kleiveland. Osterøy sogelag 2018.

Munnlege kjelder og diverse foto